



Patent på Rituximab-behandling

Professor Olav Mella og Dr. med. Øystein Fluge ved Haukeland universitetssjukehus, Foto: Tor Erik H. Mathiesen

Tilbake i 2007 vart ein pasient med kronisk utmattingssyndrom (ME) vesentleg betre av ME då ho fekk behandling mot lymfekreft. Dette vart startskotet til eit forskingsprosjekt som viser positive behandlingsresultat for fleire ME-pasientar.

Resultata fekk internasjonal merksemd då dei vart publisert i 2011.

Patentsøknad

Bergen Teknologioverføring (BTO) søkte patent på vegne av Haukeland universitetssjukehus i 2007 på konseptet B-lymfocyttdesleksjon (reduksjon) ved kronisk utmattingssyndrom (ME).

Sikrar framtidig behandling

Målet med patentsøknaden er å sikre at eventuelle framtidige forskingsresultat på denne kreftmedisinen kan kome ME-pasientar til gode i form av ny behandling.

Forskar framleis

Til tross for eit godt resultat er Rituximab-behandling førebels ikkje ein godkjent behandlingsform for ME. Hausten 2014 startar ein klinisk mulitsenterstudie med 152 pasientar i ein stor dobbelblind-test. Studien er venta å ta tre år.

Økonomi underordna

Haukeland universitetssjukehus kan få inntekter i framtida dersom Rituximab blir bekrefta som verksamt ved denne sjukdommen. Olav Mella og Øystein Fluge er nemnd som oppfinnarar i patentsøknaden.



Finansiering

Patentet på ME-behandling er finansiert av Haukeland universitetssjukehus og Bergen Teknologioverføring.

Den kliniske studien er finansiert over Statsbudsjettet, Norges Forskningsråd, MEandYou, ME-foreningen og andre private givarar.

Kontakt

Bergen Teknologioverføring (BTO)
Thormøhlensgate 51, Bergen
www.bergento.no

